



Hovden landskapsvernområde, Vidmyr- og Lislevatn naturreservater

Bykle kommune i Aust-Agder



Fylkesmannen i Aust-Agder
Miljøvernavdelingen



Søterot, Bykles
kommuneblomst

DEI TRE VERNA OMRÅDA



Hovden landskapsvernområde (59 km²), Vidmyr naturreservat (9,7 km²) og Lislevatn naturreservat (1,1 km²) er alle verna etter naturvernlova og ligg i Bykle kommune. Områda heng saman,

og det meste av Hovden landskapsvernområde ligg aust for RV 9, medan dei to reservata ligg vest for same vegen. Totalt utgjer desse tre verneområda 69,8 km² verna areal.




Foto stort bilde forside: Olav J. Tveit
Foto lite bilde forside: Bjørnar Mørnøskog

- | | | | |
|----------------------------------|----------------|-------|---------------------------|
| = Grense for landskapsvernområde | = RV 9 | = Myr | = Overnatting – |
| = Grense for naturreservat | = Lauvskog | = Bom | Den Norske Turistforening |
| = Høgfjell | = Fylkesgrense | | |

Statens kartverk, tillatelse nr. LDS 61002-0041

BERGGRUNN, TOPOGRAFI OG LAUSMASSAR

Hovden landskapsvernområde vart verna ved kgl. res. 5. september 1986 med føremålet å ta vare på eit vakkert naturlandskap som er eineståande i sitt slag i fylket. Her finn ein store, samanhengande myrområde, som til saman inneheld eit vidt spekter av ulike myrtypar.

Vidmyr vart verna som naturreservat ved kgl. res. 5. september 1986 med føremålet å ta vare på eit stort, representativt myrområde som har godt utvikla bakke- og strengmyrer med ein rik flora med stort innslag av plantegeografisk interessante artar.

Lislevatn vart verna som naturreservat ved kgl. res. 7. mai 1982 med føremålet å ta vare på eit viktig våtmarksområde med tilhøyrande plantesamfunn, fugleliv og anna dyreliv som naturleg er knytte til området.

Fjellsmella er med på å farge fjellet med sine lyseraude blomar.
Foto: Lars Breistøl

Bergrunnen rundt Lislevatn og Vidmyr er samansett av omdanna vulkanske og sedimentære bergartar (metarhyolitt, kvartsporfyrr og metasandstein). Dei er såkalla sure bergartar, rike på kvarts og feltspat. Dei vart danna i grunnfjellstida for over 1000 millionar år sidan. Nord og vest i Vidmyr naturreservat, langs Skykkjebekken, er det lag i berggrunnen med meir næringsrik metabasalt.

I Hovden landskapsvernområde er dei høgste fjella, som til dømes Venevassheii, danna av grovkorna granitt. Ved Bukkenuten og den karakteristiske Galten er det gangbergartar av granitt og pegmatitt. I områda ned mot Lislevatn og Vidmyr finn vi og nordvestlege/søraustlege lag av metabasalt. Førekost av konglomerat og omdanna sandstein fortel oss at store delar av viddeområdet (Galteflotti - Breidvatn) er tidlegare sediment.

Områda rundt Lislevatn er flate og viddeprega og høyrer til ei gamal utjamna viddeoverflate som har sitt opphav i tertiærtida – før istidene. Lislevatn ligg på 852 moh.



I Hovden landskapsvernområde finn ein eit av dei få områda i Aust-Agder med karakteristisk viddepreg. Aust for Galteflotti ligg Venevas-shallet, ein markert brattkant mot dei høgare fjella i aust som når heilt opp i 1450 m høgde. Vidmyr naturreservat ligg i ein austskråning av fjellpartiet Stemtjønnutane – Storenos, og strekkjer seg ned til Otra og Lislevatn. Høgda over havet er frå 850 til 1200 meter over havet. Områda langs vassdraget i dalbotnen er relativt flate, men elles stig terrenget i reservatet jamnt oppover mot fjellområda vestafor.

Heilo er ein av karakterfuglane rundt Lislevatn. Ein høyrer han ofte lenge før ein får sjå han.
Foto: Olav J. Tveit

Området er generelt dominert av botnmorene med store areal med myrdanning (torv) i overflata med mellom anna velutvikla strengmyrer og bakkemyrer. I nordaustenden av Lislevatn dannar Otra eit elvedelta av sand og grus. Einskilde stader, mellom anna i Hovden landskapsvernområde, finst karakteristiske avsetjingar og landskapsformer danna under isavsmeltinga. Her kan ein finne haugar og ryggar av morene, såkalla «dødislandskap» (søraust for Hyttnuten) som fortel om rørslene til isen under siste istid. Sand- og grusryggar danna av smeltevatt i tunnelar under isen finst og i dette området. Næringsinnhaldet i jordsmonnet varierer frå fattig til ekstremt rikt. På tørr mark vert det vanlegvis danna jernpodsolprofil. Belta med rikare vegetasjon heng saman med fordelinga av næringsrike bergartar i området. Vidmyr og myrområda nordaustover er av dei største samanhengande areala med myr i regionen. Dei velutvikla myrkompleksa har strengmyrer, låge vollar av torv som demmer opp myra og bakkemyrer med rik mose og grasvegetasjon.



KLIMA OG VEGETASJON

Hovden har eit typisk innlandsklima med kalde vintrar og varme somrar. Hovden skil seg floristisk ut på grunn av møtet mellom artar frå ei rekkje plantegeografiske element.

I Hovden landskapsvernområde varierer vegetasjonen frå rike bjørkeskogar og myrer til rabbar og heier ettersom høgda aukar. Langsmed bekkane er det rike næringstilhøve i jordsmonnet. Søterot, Bykles kommuneblome, finn ein mykje av i dette området. Søterot, som til tross for namnet smaker kraftig bittert, vart i tidlegare tider ein viktig medisinplante for å auke appetitten og betre opptaket av næring. På heiene finst fattigare vegetasjonstypar med låge buskar av einer og vier, og på rabbane er det lågtkrypande buskar. Mangfaldet i vegetasjonen ser ein i haustfargane.

På Vidmyr dominerer fattigmyrvegetasjonen med bjønnskjegg og blåtopp som dei vanlegaste artane. Det er og eit rikt innslag av kalkkrevjande låglandsartar som breiull og planteartar som er karakteristiske for eit stort mangfald av myrtypar. Av omsyn til dei urørde og rike til ekstremrike myrene, har Vidmyr internasjonal verneverdi. Delar av myra har vorte nytta til myrslått som var med å gi ein særmerkt vegetasjon.

Vegetasjonen rundt Lislevatn er prega av fattig næringsinnhald i jordsmonnet. Det er middels rik til fattig sumpskog i store delar av reservatet. Eit tilsig av meir næringsrikt vatn frå nordvest gjer at vatnet har høg pH (lite surt). Busksjiktet av bjørk og vierartar gir godt skjul for fuglane. Tjern-, sump- og myrvegetasjonen på austsida av reservatet gir eit stort mangfald av naturtypar. Vassvegetasjonen er dominert av elvesnelle.



Det er rett som det er rovfugl å sjå i verneområda. Dvergfalken finst i alle tre verneområda og hekkar årleg her. Foto: Olav J. Tveit

DYRELIVET

FISK

I Hovden landskapsvernområde finst det og stadeigen aure, og det er sett ut aure i einskilde vatn. I Lislevatn finst to fiskeartar: stadeigen aure (opphavleg stamme) som det er mykje av i vatnet, og ørekyt som uheldigvis vart introdusert rundt 1980.

FUGLAR

Hovden er ein spanande stad for dei som er interessert i fuglar. I Hovden landskapsvernområde finn ein den einaste førekomsten av fjelljo i Agder. Dette er samstundes den sørlegaste lokaliteten ein finn arten på i Noreg. Lappsorv er ein annan art som er å finne i dette området og som ikkje er så vanleg å sjå i Aust-Agder.

Lislevatn naturreservat skil seg merkbart ut og er eit unikt fugleområde for Agder. Her kan ein mellom anna få sjå enkeltbekkasin, raudstilk, heipiplerke, gulerle, blåstrupe, lauvsongar og sivsporv. Storlommen opptre årleg i Lislevatn. Myrsnipe og symjesnipe er båd fåtallige hekkefuglar. Svartand, småspove, gluttsnipe og grønstilk vert stadig observert, særleg i trekktida, medan sjeldsynte fuglar som myrhauk, trane, fjellmyrløpar, brushane, sotsnipe og viersporv er observert ein sjeldan gong.

År om anna hekkar tårnfalk, dvergfalk og jordugle i reservatet. Stundom er det og mogleg å sjå fjellvåk og kongeørn jakte i verneområda.

Nokre få individ av den sjeldsynte dobbeltbekkasin har tilhald innanfor dei verna områda.



I Hovden landskapsvernområde kan ein treffe på fjelljoen. Dette er Noregs sørlegaste lokalitet for denne arten.
Foto: Lars Breistøl

PATTEDYR

Av dei store pattedyra er rein stadig å sjå i alle dei tre verneområda. Til tider kan det samla seg store flokkar på fleire hundre dyr, særleg i Hovden landskapsvernområde. Reinen i området tilhøyrrer den sørlegaste stamma av villrein i Europa. Rådyr finst og i alle dei tre verneområda om sommaren, og yngling er påvist. Elg finst til tider, særleg om sommaren i Lislevatn naturreservat, medan minken her har fast tilhald gjennom heile året. Ingen av dei store rovdyra har lenger fast tilhald i området,

men streifande individ av jerv og gaupe opptre regelmessig i Bykleheiene. Ulv opptre ytterst sjeldent, illustrert ved historien om at i 1898 vart den legendariske Bykleulven skoten på jordene nedanfor Hovden gard ved Hovdenuten. Ulike artar flaggermus, hare, bever, røyskatt og snømus opptre i alle tre verneområda. Lemen og andre smågnagarar er kjende for sine sykliske «bestandssvingingar», og opptre til tider i hopetal i verneområda. Ein må og rekne med at artar som markmus, fjellrotte og raudrev held til eller kan påtreffast i området.



Lemen er ein vakkert farga smågnagar som av og til opptre i enorme mengder i verneområda.
Foto: Ottar Johansen

TRADISJONELL BRUK AV VERNEOMRÅDA PÅ HOVDEN

Det finst spor som tyder på at Ryfylke- og Setesdalsheiane vart tatt i bruk av menneske for omlag 7000 år sidan. Det var nok fyrst og fremst reinen som fekk folk til å trekkje frå låglandet og opp i høgfjellet. Det er spor etter buplassar nokre stader inne på heia med restar av skraper, knivar og bor av flint, kvarts og bergkrystall. Jakt og fangst har alltid vore viktig for menneska i Bykle. Sjølv om reinjakta nok har vore den viktigaste med tanke på mat, så har og jakt, og særleg fangst, på rype vore viktig. Det var særleg jegerar frå inn- og utland som jakta med gevær. Bygdefolket fangsta stort sett med snare, og dreiv med dette som ei viktig næring til opp mot 1950-åra. Den dag i dag vert det jakta og fanga i alle tre verneområda etter gjeldande føresegner.

Tamreindriffta i Bykle hald på frå 1820 til 1978, med kortare opphald. I starten vart drifta styrt av samar som kom frå Helgeland og Jämtland

og Västerbotten i Sverige. Nokre få år etter hundreårskiftet tok bygdefolket sjølv over drifta, men med hjelp av samar i heile reindrifftida. I Hovden landskapsvernområde finst det framleis spor etter denne drifta. Mellom anna ligg det to hytter som opphavleg vart nytta under tamreindriffta. Desse to er hytta ved Auversvatn og Hemlehytta. Fyrstnemnde vert no nytta under reinjakta, medan Hemlehytta stort sett vert nytta under sauesankinga. I 1979 fekk reinen i Austheia status som villrein. Reinen i Aust-Agder er dermed delt inn i to stammar; stamma i Setesdal-Ryfylke villreinområde (vesthei-) og Setesdal Austhei villreinområde. Austheia har likevel viktige vinterbeiteområde for både vesthei- og austheidyr, og like nord for Hovden er det stor trekk av rein aust-vest. Det har i fleire år vore så mykje samanblanding av dyr frå Vestheia og Austheia at det no er planar om å slå saman dei to villreinområda. Årleg vert omlag 1000 dyr tatt ut under jakt i dei to områda til saman.

Fisket i Lislevatn og i vatna i Hovden landskapsvernområde er godt. Det er mykje små fisk, men i Lislevatn kan ein og annan flott aure bite på kroken.

Bærplukking har vore ein kjærkomen måte å skaffe seg variasjon i matfatet på. Det er særleg dei gyline moltene som har vore og er attraktive. I tillegg finn ein blåbær, tyttebær og tranebær. Det er og ein del matsopp i området, som til dømes raudskrubbe, steinsopp, rimsopp og kremler.

Om vinteren er rypa kvit som snøen. Dette gjer den vanskelegare å oppdage for jegerar som kongeørn og jaktfalk.
Foto: Per Breivegen



Myrslått vart drive på dei fleste større myrene i området som ikkje var for langt unna støyane. På Vidmyr vart det neppe slått etter krigen, men på Lundane ved Lislevatn vart det slått heilt fram til overgangen mellom 1950- og 1960-talet. Det vert fortald at folk vart oppfordra, blant anna av dyrlegen, til å føre med utmarksslått, sidan dette vart rekna for å vere reine kraftføret for kyrne. Sjølve slåttan vart utført med handkraft, og det var helst «stutturv» som vart nytta då det var mykje stein og kvist på utmarksslåttane. Slåttan tok til rundt midten av juli og heldt fram ut månaden. Høyet vart samla anten i høybuer eller sett i stakk. Stakken var ein bjørkepåle på 3-4 meter som vart satt i bakken med støtter inntil. På botnen vart det lagt bjørkeris og oppå dette vart høyet lagt ut frå pålen som ei vifte med noko meir masse innerst enn yttarst.

Høyet vart hardpakka, nedoverretta og avsmala mot toppen. Heilt på toppen la dei eit torvstykkje for at det ikkje skulle kome vatn inn i «stakk-sneiset». Høyet vart lagra her til vinteren kom, og vart henta med hest og slede.

For mange menneske er det å hauste av naturen i form av jakt, fiske og bærplukking, eller berre det å vere i friluft og nyte naturen ei viktig avkopling frå kvardagens høge tempo. Det blir stadig meir aktuelt å ta vare på gode område til avkopling og rekreasjon, der menneskeleg bruk ikkje går ut over naturens tolevne. Det er knytte nasjonale friluftsiinteresser til dei store urørte fjellområda ved Hovden. Det går fleire stiggar i området, mellom anna inn til Tjørnbrotbu turisthytte, og vinterstid vert det preparert skiløyper. Det er viktig å vise omsyn til den sårbare fjellnaturen og artane som finnast der. Du tar best omsyn til villreinen ved at du held deg til merka stiger og løyper i området.

Myrulla er kvit og vakker der den bøljar i vinden bortetter myrene.
Foto: Lars Breistøl



TA VARE PÅ VERNEOMRÅDA PÅ HOVDEN

Hovden er eit vakkert område øvst i Setesdal. Naturen er storslegen med høge fjell, djupe dalar og nesten viddepreg nokre plassar. Om vinteren ligg snøen ofte djup og innbyr til vinteraktivitetar til langt ut på våren. Sommaren og hausten lokkar med fjellturar, jakt, fiske og bærplukking. I dei seinare åra har fleire og fleire menneske funne vegen hit til alle årstider. Bykle kommune har og lagt til rette for auka turisme. Fjellområda er sårbare med låg toleevne for slitasje. Det er kaldt store delar av året slik at stoffomsetjinga går seint. Det er derfor viktig at folk som vitjar dei tre verneområda på Hovden viser omsyn og fer varsamt fram.

1 Uro reinen i området minst mogleg! Særleg utsett er dyra rundt påsketida.

Dyra har då ein lang og hard vinter bak seg som har tæra hardt på feittreserven deira. På denne tida er det sær s mykje ferdsle av folk i området, og då er det viktig at alle viser omsyn. Gå minst mogleg utanom merka løyper. Til tider kan det vere menneske på alle kantar av flokkane, og dette stressar dyra. I slutten av april startar reinen trekket mot kalvingsområda som hovudsakleg ligg vest for RV 9. Kalvinga er ei stor påkjenning for simlene (horein) etter ein lang vinter (og hard påske!). Det er sær viktig at ein viser omsyn til dyra i denne tida. Dersom ein kjem over trekkjande rein, så er det viktig å stoppe opp og la dyra få passere mest mogleg uhindra.

Molte er ei plante som prydar fjellet både med sine vakre blomar og bær.
Foto: Lars Breistøl



2 Finn ein reir av fuglar eller hi til dyr, så skal ein ikkje stoppe opp og sjå på desse lenge. Det beste er å sjå medan ein rører seg då lengre stopp uroar fuglane og dyra. Vaksame auge frå egg- og ungeetande artar som til dømes ramn, kråke og røyskatt, følgjer ofte rørslene våre og undersøker gjerne dei plassane som vi stoppa opp ved. Dersom ein ut i frå engsteleg åtferd til vaksne fuglar eller dyr får mistanke om at ein har rasta nær reir eller ungar, så lyt ein bryte opp og finne ein ny leirplass.

3 Som det går fram av verneføresegnene, er det ikkje lov å bruke levande fisk som agn. Dette er forbode i heile Noreg. Årsaka er at ein kan få ei uønska spreieing av


framande fiskeslag som til dømes ørekyt og sørv. Desse artane konkurrerer med opphavlege fiskeslag om føda, og kan føre til at ein art som til dømes auren går sterkt attende.


4 Kast aldri søppel i naturen, men ta gjerne søppel som vert funne i verneområda med heim!


5 Ein tommelfingerregel: Forlat området i same stand som du fann det - eller betre!


ÅTFERDSREGLAR OG FORVALTING


Du er velkommen til å vitje Hovden landskapsvernområde og Vidmyr og Lislevatn naturreservater men merk deg fylgjande føresegner:


 Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er freda mot skade og øydelegging.


 Det er lov å jakte og fiske etter gjeldande føresegner etter viltlova og laks- og innlandsfiskelova.


 Fiske med bruk av levande agn (fisk) er ikkje tillate.

 Det er lov å sanke bær og sopp.

 Motorisert ferdsle i terrenget er forbode.

 Vegetasjonen er verna mot skade og øydelegging. Det gjeld og daude buskar og tre.

 Det er ikkje tillate å innføre nye plante- og dyreartar.

 Alle inngrep og tekniske anlegg som kan endre dei naturgitte tilhøva er ikkje tillate.



Blåstrupe
Foto: Olav J. Tveit

Fylkesmannen i Aust-Agder har ansvaret for forvaltninga av Hovden landskapsvernområde og Vidmyr og Lislevatn naturreservater, medan **Statens naturoppsyn** held oppsyn i områda.

Fleire opplysningar om verneområda og verneføresegnene kan du få ved å vende deg til:

Fylkesmannen i Aust-Agder
Miljøvernavdelinga
Fylkeshuset
4800 Arendal
Telefon: 37 01 75 53
www.fylkesmannen.no/aa

Denne informasjonen er utarbeidd i 1996, og oppdatert i 2006, av:

Fylkesmannen i Aust-Agder
Miljøvernavdelingen